

Oppigarden barnehage



INFORMASJONSSKRIV

Barnehageåret 25/26



Forord

I dette informasjonsskrivet vil de finne litt informasjon som kan vere greitt å vite for alle som har barn i Oppigarden barnehage.

Innholdet for kommande barnehageår vil bli konkretisert i barnehagen sin årsplan, som kjem ut i oktober.

Vi i Oppigarden barnehage ser fram til eit godt samarbeid i året som kjem!

Volda, 4.juli 2025

Synne Buer

Synne Buer

Styrar



Innhald

Forord	2
Lov og avtaleverk.....	4
Opningstider	5
Jul og påske	5
Levering og henting	5
Planleggingsdagar for 2025-2026.....	6
Ferieavvikling.....	6
Matordning.....	6
Tilpassingar for mat og drikke grunna allergiar/intoleranse.....	7
Vigilo 	7
Sjuka barn og smittevern	7
Medisinering av barn.....	7
Barn i krise.....	7
Forsikring av barn i barnehagen.....	8
Samarbeidspartnarar.....	8
BTI.....	8
FUS.....	9
Vasstilvenning.....	9
Samarbeidsutval/arbeidsutval/foreldreråd	9
Personalet i Oppigarden barnehage 2025-2026	11

Adresse:

Oppigarden barnehage

Heltnevegen 13

6103 Volda

E-postadresse: styrar.oppigarden@volda.kommune.no

Heimeside: [Oppigarden barnehage](#)

Telefonnummer: (prøv først din avdeling)

Revehiet: 48 04 75 49

Bjørnehiet: 48 05 87 31

Solstova: 48 03 43 11

Trollstova: 48 03 77 26

Kontor: 46 88 33 22 (ikkje kontakt her? Prøv avdelingane)

Eigar

Volda kommune

Lov og avtaleverk

Det er mange lover og regler som gjeld for barnehagedrifta. Dette er eit utval av viktige lovverk og planar for oss:

- ☐ Lov om barnehagar med føreskrifter ([Barnehagelova](#))
- ☐ Rammeplan for barnehagen, 01.08.17 ([Rammeplan for barnehager](#))
- ☐ Stortingsmeldingar som omhandlar barnehagar
- ☐ FNs barnekonvensjon ([Barnekonvensjonen](#))
- ☐ Kommunale vedtekter ([Vedtekter for kommunale barnehagar](#))
- ☐ Kvalitetsplanen for sektor opplæring og oppvekst i Volda kommune. Denne gjeld fram til vi får ny og oppdatert kvalitetsplan. [Oppvekstplan 2022-2027](#)

Opningstider

Opningstida i Oppigarden barnehage er måndag-fredag kl. 7.15-16.15.

§ 7 Opningstid – tilbud (frå vedtekter):

«Barnehagane er opne 5 dagar i veka, med unntak av jul- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open fram til kl. 1200. Dersom det er færre enn 5 påmeldte barn i romjula og påske, vert barnehagen stengt»

Dersom eit barn blir henta for seint, ver greie å meld i frå så tidleg som mogleg. Dette både av omsyn til personalet si arbeidstid og at vi blir bekymra. Personalet vil ringe dei som står oppført som kontaktpersonar dersom barnet/a ikkje blir henta. Får vi ikkje kontakt med nokon innan rimeleg tid vil vi kontakte politi for å legge ei plan vidare.

Når barna blir henta for seint kjem dei ei kostnad på 150,- pr. barn. Regelen er at foreldre/barn skal vere ute av barnehagen før dørene automatisk låsast kl. 16.15. Beløpet blir fakturert saman med fakturaen for barnehageplass og matpengar.

Jul og påske

Jul- og nyttårsaftan er det stengt.

Onsdag før skjærtorsdag er det ope til 12.

Vi kjem ut med digitalt ferieskjema før jul og påske, viktig at alle som skal nytte seg av barnehageplassen melder barna på. Er ikkje barna påmeldte innan fristen betyr det at barna har ferie. I jul og påske vil vi også etterspørje tidspunkt for levering og henting for å planlegge best muleg turnus i forhold til behovet. Dvs. mest personale når det er mest barn.

Levering og henting

Vi har ein lang parkeringsplass der det er enklast å køyre rett inn. Det betyr at dei fleste ryggar ut frå plassen når dei reiser frå barnehagen. Det er viktig at barn går ilag med foreldra, på fortauet, ned til porten eller opp til bilen. Små barn som fritt får springe rett bak bilane kan fort komme i blindsona i ei blindsona, sjølv med sensorar. Pass på barna!

Når de leverer om morgonen ønsker vi å få naudsynt informasjon om barna . Vi ønsker å møte barna på best muleg måte og er derfor avhengig av god kommunikasjon. Det kan vere informasjon om alt frå søvn, mat, hendingar i familie m.m. Når barna blir henta overtek dei som hentar ansvaret. Spør gjerne personalet om korleis dagen har vore.

Telefonen skal ligge i lomma når de leverer/hentar

NB! Ta aldri barna heim utan å sei i frå til personalet.

Vi oppfordrar alle som har fossile biler skruv av motoren på grunn av luftforureining. Unngå å parkere framfør porten, søppelkasser og sykkelstativ.

Planleggingsdagar for 2025-2026

- ❖ 4.august 2025
- ❖ 15.august 2025
- ❖ 22.oktober 2025
- ❖ 18.mars 2026
- ❖ 15.mai 2026

Ferieavvikling

I Volda kommune er alle barnehagar stengt i tre veker. I vedtektene § 8 står det:

Alle barn skal ha fire veker ferie, derav tre veker samanhengande om sommaren. Barn som skal starte på skule, skal avvikle ferien før nytt barnehageår startar. Barna sin sommarferie må vere fastsett innan 01.05. inneverande år.

De står fritt til å bestemme når den siste ferieveka skal takast ut (kan vere 5 enkeltdagar). Ferien skal vere planlagt minimum ei veke på førehand og må leggst inn i Vigilo. Fri er ikkje ferie.

Sommaren 2026 har årets SU bestemt at barnehagen skal vere **feriestengt veke 28,29 og 30** sommaren 2026. SU for barnehageåret 2025/2026 bestemmer feriestenging for sommaren 2027. På den måten blir det enkelt for foreldra å planlegge ferien.

Matordning

Frukost: Dei som vil ete frukost i barnehagen tek med matpakke. Mjølkk blir servert i barnehagen. Frukost varer fram til ca. kl. 9. (felles frukost for Bjørnehiet og Revehiet på Revehi fram til ca. kl.8 for og på Solstova og Trollstova på Solstova fram til ca. kl. 08.30)

Vi serverer to måltid pr. dag

1.måltidet, mellom kl. 10.30 og 11. Her vil vi variere mellom brødmatt (ofte), varmmat ein gong i veka og gryn av og til.

Av pålegg har vi t.d.: Kaviar, brunost, kvitost, leverpostei, makrell i tomat, kjøtpålegg, fiskepudding, agurk, tomat, paprika..

2.måltidet, eit mindre måltid mellom kl. 13.30 og 14, som oftast brødsriver/knekkebrød, frukt/grønsaka. Av og til får barna Yoghurt.

Det finst retningslinjer for mat og måltid i barnehagen. Disse retningslinjene fokuserer på sunn mat og lite sukker/fett. Det er eit mål at mat i barnehagen skal fremme gode kostvanar og helse. Vi ynskjer at frukosten barna har med seg er sunn og næringsrik.

Betaling av mat blir fakturert ilag med faktura for barnehageplassen og er pr. dags dato 450,-.

Bursdagsmat: bursdagsbarnet får velje kva som skal serverast den dagen det blir feira i barnehagen. Foreldre skal ikkje ta med bursdagsmat.

Tilpassingar for mat og drikke grunna allergiar/intoleranse

Barnehagen tek omsyn og tilpassar matservering for barn, med legeerklæring, som har påvist intoleranse, allergi, sjukdom eller andre spisevanskar.

Vigilo

Oppvekst sitt oppvekstadministrative program er Vigilo. Vigilo er både i app form og ei nettportal der innlogging skjer via id-porten. I Vigilo ligg det samtykkeerklæring, gå inn på nettportalen og svar på alle samtykka som ligg ute. Det viktig at begge foreldre fysisk samtykker (eller aktivt lar vere å gi samtykke). De kan trekke samtykker dersom de ønsker det. Gi munnleg beskjed til avdeling dersom de trekker samtykke.

Allergiar og andre helsemessige tilstandar vi må vite om, leggst inn under helse.

Endringar i telefonnummer og adresser leggst også inn her. Viktig at alle sjekkar at dei opplysningane som ligg inne på Vigilo er korrekte. Vigilo tek inn opplysningar via FREG (folkeregisteret). Er det feil, må de sjekke ut kva som står oppført der.

Lenke til nettportal: <https://vigilo.no/for-foresatte/>

Sjuke barn og smittevern

Barnehagen fylgjer råd frå helsetenesta lokalt og helsedirektoratet. Barn som er sjuke skal ikkje i barnehagen.

Når bør barnet vere heime frå barnehagen? - FHI

Omgangssjuka og diare: Barn med diaré /oppkast kan vende tilbake til barnehagen **48 timar** etter at de har blitt symptomfrie.

Når barna blir sjuke i løpet av dagen tek vi kontakt. Vi måler i utgangspunktet ikkje feber, det er barnas allmenntilstand som er avgjerande.

Medisinering av barn

Har barna behov for medisin, enten periodevis eller på fast basis må medisineringskjema fyllast ut. Eventuell opplæring av personalet i medisinerings ved behov.

Barn i krise

I løpet av livet vil alle oppleve kriser. Mange barn opplever det tidleg i barndommen. Barn reagerer forskjellig på kriser. De veit ikkje alltid kva dei skal føle og vil kanskje ikkje snakke om det som skjer. Ver tolmodige, ikkje ha forventningar til barna om korleis dei skal føle. Ver tilgjengeleg, sjå dei og lytt til dei. Ikkje legg ord i munnen eller fortel dei korleis dei skal føle. La barna få sørge på sin måte.

«Ved en livskrise vil ikke små barn reagere slik som voksne eller store barn gjør. Små barn reagerer på konsekvenser av krisen. Det er derfor små barn tilsynelatende kan leke videre når de får et alvorlig budskap. Dersom kjente, trygge voksne rundt dem også forandrer seg ved at de gråter, skjelver, eller på andre måter endrer atferd, blir barna sterkt påvirket» ([kriser-og-sorg-i-barnehagen](#))

Om barnet har opplevd eller opplever noko som er vanskeleg heime, er det viktig at barnehagen får informasjon frå dokke foreldre. Fortel oss gjerne korleis de gjer det heime. Barn reagerer på endringar hos dei nære rundt seg. Da er det godt å kunne snakke med ein vaksen i barnehagen. Vi har teieplikt.

Krisereaksjonar hos barn kan skyldast

- alvorleg sjukdom eller død i familien eller i nær omgangskrins.
- skilsmisse og flytting
- at nokon i barnehagen mister foreldre, søsken, eller at noko skjer med tilsette eller andre barn i barnehagen
- at barnet trur at foreldre, søsken eller det sjølv er i fare
- ulykker eller andre kritiske situasjonar barnet ser eller høyrer om
- skremmande hendingar som blir formidla i media

Legg ved lenke til foreldrehefte «når barn opplever kriser og sorg»

Kjelde: [Kriser og sorg i barnehagen \(udir.no\)](#)

Forsikring av barn i barnehagen

Volda kommune har forsikra alle barn i barnehagen i KLP forsikring: Sjå lenke. [Elevforsikring - Forsikring - Verksemd- KLP.no](#)

Samarbeidspartnarar


- Oppvekstkontoret
- [Helsestasjonen](#)
- Andre barnehagar i Volda kommune
- Skulesektoren
- Andre sektorar i Volda kommune
- BTI-grupper der barnehage, ppt, barnevern, helsestasjon er representert.
- [PPT](#)
- Høgskulen i Volda
- Opplæringskontoret Søre Sunnmøre
- Barnevern

Ved behov samarbeider vi også med andre instansar.

BTI

[BTI](#) står for betre tverrfagleg innsats og er ein samhandlingsmodell som skal sikre at barn, unge og familiar i Volda skal få den hjelpa dei treng til rett tid. BTI modellen er delt inn i nivå 0-3, med 5 steg i kvart nivå. Barnehagane har eit eige Flytskjema som vi jobbar etter når de foreldre tek kontakt med

pga. uro eller vi uroar oss for eit barn. BTI-gruppene i Volda jobbar etter systemmodellen der vi ser på faktorar rundt barnet som kan gjere utfordringar mindre/større.



FUS

Nytt av året er FUS. FUS ligg under avdelinga Barn og Familie og står for seksjon for familie- og ungdomsstøtte. Fus-teamet arbeider etter samhandlingsmodellen BTI, og kjem inn på nivå 2. I teamet finn du familieterapeut, kommunepsykolog, foreldre- og ungdomsrettleiar, samt helsesjukepleiarar med kompetanse innan kognitiv åtferdsterapi og psykisk helsearbeid for barn og unge. Dei tilbyr samtalar og arbeider med barn, unge og familiar som har utfordringar med kommunikasjon, samspel, relasjonar og psykisk helse. For å komme i kontakt med FUS er det ynskjeleg at de går igjennom helsesjukepleiar.

Vasstilvenning

Vi har meldt oss på eit samarbeid med VTI-symjing for barnehageåret 2025-2026. VTI organiserer vasstilvenningstilbodet og stiller med både instruktør og livreddar. Tilbodet går til 2020 og 2021 gruppa. Korleis det blir gjennomført er litt usikkert enda, men det kan sjå ut som at 2020 gruppa får tilbod frå hausten og 2021 gruppa i januar. Meir informasjon kjem til hausten.

Samarbeidsutval/arbeidsutval/foreldreråd

Samarbeidsutvalet (SU) i barnehagen er samansett av:

- 2 foreldrerepresentantar (1 frå dei yngste og 1 frå dei eldste) Dei som blir valt inn i SU sitt i minimum 2 år. 1.året medlem og 2.året leiar. Leiar for barnehageåret 2025-2026 er Leif Egil Hallberg Friestad (avdeling Revehiet). Den som blir vald som kontaktperson frå dei yngste til hausten vil automatisk bli medlem av su dette barnehageåret og su-leiar neste barnehageår. Alle avdelingane vel kvar si, Bjørnehiet sin kontaktperson vil vere vara for Revehiet. Kontaktpersonane for Solstova/Trollstova må bli einige om kven som skal sitte som su-medlem. Den andre blir vara.
- 2 representant frå personale
- 1 representant frå Volda kommune: Peter Bjørneset (2023-2027)
- Styrar i barnehagen er skrivar

Samarbeidsutvalet sine oppgåver:

- vere eit samarbeidsorgan for foreldra, personalet og eigar
- godkjenne årsplanen
- uttale seg i saker som vedkjem barnehagen.
- Vere med på å ta avgjersler som vedkjem barnehagen
- Første møte med SU er i September, eit fellesmøte med alle SU i Volda kommune over teams.

Arbeidsutval

- Foreldrerådet vurderer om vi skal ha dette i barnehagen. (Foreldrerådet kan sjølv avgjere om dei ynskjer å opprette eit arbeidsutval/FAU) - Oppgåver:
- Med-arrangørar på festar og dugnad i barnehagen

Foreldrerådet

Barnehagen er sett saman av foreldre/føresette til barn i barnehagen. Foreldrerådet sin funksjon er å fremme samarbeid mellom heim og barnehage. Rådet kan ta for seg saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Rådet har uttalerett i slike saker. Det veljast ein leiar for foreldrerådet i kvar avdeling. 2 av foreldrerådsleiarane blir valt inn i SU.

Meir info om dei ulike utvala: Nasjonalt foreldreutval for barnehagar [Informasjon om foreldreråd og samarbeidsutval i barnehage](#)

På fubhg.no finn de også ein del anna informasjon som kan vere fint å vite om.

Personalet i Oppigarden barnehage 2025-2026

Bjørnehiet	 <i>Elise Bakke-Smørdal</i> Pedagogisk leiar	 <i>Anne Nedreberg</i> Barnehagelærer	 <i>Kari-Anne Stenersen</i> Barne-og ungdomsarbeidar	 <i>Aya</i> Kandidat
Revehiet	 <i>Sissel Helset</i> pedagogisk leiar	 <i>Veronica P. Hammer</i> Barnehagelærer	 <i>Hilde S. Beinnes</i> Barne-og ungdomsarbeidar	 <i>Arij M. Alkeifo</i> Lærning
Solstova	 <i>Veronica Preus</i> Pedagogisk leiar	 <i>Heidi F. Aklsestad</i> Barnehagelærer		
Trollstova	 <i>Synnøve Hagen</i> Pedagogisk leiar	 <i>Jariya Sigdestad</i> Barnehagelærer	 <i>Tove-Elin Røbekk</i> Assistent	
		<i>Izabela Baranska,</i> assistent. Ekstra 3 dagar i veka. Vil bli å sjå i heile huset, men fortrinnsvis hos dei eldste gruppene.		<i>Hazar Hame</i> Barne-og ungdomsarbeidar. 45% på Solstova og 15% på Trollstova. Resten av vikar på huset.

I persmisjon



Elise H. Eltvik
Barnehagelærer

Kjem att Januar 26



Nina Hustad
Barnehagelærer



Ann-Helen Wang
Barne-og ungdomsarbeidar